



Norges Vassdrags- og Energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår dato: 03.07.2024
Vårt ref.: 200900018-96
041/MK
Dykkar dato:
Dykkar ref.: 200904058

Kommentar til høyringsfråsegn om forlengd byggjefrist for Heibøåi kraftverk.

Vi syner til høyringsfråsegn frå Tokke kommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark angåande forlenging av byggjefrist for Heibøåi kraftverk.

Både Kommunen og Statsforvaltaren har gitt sine vurderingar ut frå sitt mandat som sektormynne for kvar sine forvaltningsmessige område. I begge høyringsfråsegna leggjast det vekt på at det i den nyaste miljøkartlegginga har kome fram ny kunnskap som ikkje vart lagt til grunn når konsesjonen opphavlegr vart innvilga i 2016. Vi er samd i dette.

Tokke kommune: Vi har ikkje kommentarar eller merknader til innhaldet i høyringsfråsegna.

Statsforvaltaren i Vestfold: Vi har ikkje kommentarar eller merknadar til innhaldet i høyringsfråsegna.

Så langt vi kan sjå er konklusjonen til både høyringspartane godt grunngjevne ut frå deira roller. Som kraftprodusent er vår rolle og vårt mandat å byggje ut ny fornybar energi som bidreg til ein reduksjon i nasjonale og globale klimagassutslepp, og å skape større verdiar for eigarkommunane. Som Statsforvaltaren peikar på i sin konklusjon, har prosjektet i så måte også ein nytteverdi for samfunnet.

Det er NVE sitt ansvar å vege opp om denne nytteverdien er større eller mindre enn ulempa i form av mellom anna naturtap og risiko for å råke raudlisteartar. Vi reknar med at NVE er godt kjend med alle dei dilemma ein må ta stilling når miljøtap må vegast opp mot klimavinst og framtidig kraftbalanse. Heibøåi Kraftverk AS vil rette seg etter NVE sin avgjersle når ho ligg føre.

Med helsing

Magnus Kvalbein
Sakshandsamar